



Bjørn Steffen Thorsen
Løypefona 37
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/155 - 21/59954

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
10.09.2021

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 323/3 Frekhaug

Tiltak: Søknad om dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 323/3
Tiltakshavar: Bjørn Steffen Thorsen
Ansvarleg sækjar:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom – gbnr 323/3 Frekhaug vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 01.09.2021 i sak 21/155 med saknr. 122/21, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 122/21 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21 /1 55, datert 1 4.04.2021 vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova § 1 9-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformål grønstruktur i kommunedelplan for Meland og for byggjegrensa mot sjø (plan- og bygningslova sin § 1-8) for oppretting av ny grunneigedom som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er:

- Den bebygda tomte med nyare bustadhus og med eldre hage mot vest har ei naturleg arrondering omkransa av veg og bratt terreng mot sjøsida. Ei deling vil difor i liten grad endra framtidig bruk av området eller påverka andre arealinteresser rundt tomte.
- Omsøkt dispensasjon vil ikkje råka fellesskapsinteresser, miljø-/ landbruk-/ friluft- eller kulturminneverdiar i området.
- Omsøkt dispensasjon vil heller ikkje råka born eller ungdom sine interesser knytt til leik eller uteopphald.
- Tomte ligg i god avstand frå sjøen og på ei hylle med tett vegetasjon nedunder, og det medfører at frådelinga ikkje vil påverka strandsonerinteressene i det heile.
- Det er ingen negative merknader frå naboar.

